

Rapport over restaureringsarbeidet i 2013 utført av ekstra ordinære midlar til Salhus Tricotagefabrik

I dette dokumentet vil vi gjere greie for restaureringstiltaka som er ferdigstilte pr 31.12.2013 etter at Museumssenteret i Hordaland, ved avdeling Norsk Trikotasjemuseum, har motteke ekstra tilsagnsmidlar i perioden 2011-2013. Vi viser også til rapport sendt i 2013 kor vi gjorde greie for dei prosjekta som ikkje er med i denne rapporten.

**Vi vil med det same få nytte høve til å takka for dei ekstraordinære tilskota frå Riksantikvaren.
Midlane har gjort det muleg å utføre eit stort og svært nødvendig arbeid på Salhus Tricotagefabrik.**

I perioden kor vi har motteke ekstra restaureringsmidlar, har vi arbeidd med fleire av restaureringstiltaka samstundes. Vi har nytta oss av eksterne fagfolk til å utføre og jobbe saman med fagtilsette ved museet. Faste tilsette har fungert som prosjekteiarar for dei ekstraordinære prosjekta både for å sikra arbeidet samt for å tileigna seg viktig kunnskap. Ved sidan av dei ekstraordinære tiltaka har vi også utført ordinært vedlikehald på bygg og maskinar, og vi har jobba med sikring av bygg og anlegg. Eige personale har altså både delteke og utført det ordinære vedlikehaldet og prosjekta, men vi har i periodar leigd inn personar til å utføre mykje av det ordinære vedlikehaldet for å sikre at dette har blitt gjort. Museet sine eigne fagfolk har hatt oppsyn med innleidd personale.

I det følgjande skal vi beskrive kvart prospekt. Det skal leggast merka til at rekneskapen ikkje følgjer dette dokumentet. Vi held på å avslutte rekneskapen og den vil vi ettersende så snart den er klar.

Utvendig sikring av reposet på 1860-bustaden


Restaureringa av reposet er utført av murmeister Rognaldsen. Arbeidet har bestått i å restaurere reposet som blei sett opp tidleg på 1930-talet. Reposet blei i 1930 sett opp i armert betong langs søre langside med trapp opp til reposet og langs reposet vart det teke hol i kledninga slik at kvart husvære i 2.etasje fekk eiga ytterdør. Inn mot bygget kvilar reposet på ein trekonstruksjon på den lafta ytterveggen. Yttarst kvilar reposet på søyler av hole jenrøyr.



Det var store råteskader i berebjelkane, opp lengre, kledninga, vindaugo og listverk og dette er nå utbetra. På undersida var deler av armeringa synleg og angrepet av rust. Alt betongarbeid er utført slik at reposet nå er ferdig restaurert. Murmeister Rognaldsen har utført dette arbeidet i tett samarbeid med museet sine handverkarar.

Forutan dette er støttene for reposet skrapa, grunna og malt. Rekkverket for trapp er også malt, og trappa er olja med 3 strøk.

Det er no mogleg å nytte reposet som inngang til leilegheitene i 2. etasje i arbeidarbustaden.



Oppmuring av utrasa bakkemurer på uteområdet

Terrenget på fabrikken sitt område er bratt. Alt tidleg vart det sett opp ei rekke bakkemurar i samband med gangvegar og betring av terregnforholda på uteområdet. Dette var tørrmurar utan bindemiddel. Dei siste åra seg fleire av desse ut grunna sviktande drenering. Dette var eit problem med tanke på tryggleiken for tilsette ved museet, museumsbesøkande og andre som ferdast i området. Nå er dette sterkt forbetra etter oppmuring som er gjort i tilknyting dei ekstraordinære midlane, staden er sikra og uteområdet har fått ei betydeleg oppgradering.

Under fagleg rettleiing av tørrmurar Håkon Aase har han og hans kollega mura opp att fleire bakkemurar på museet sitt område. Dette gjeld:

- bakkemur ved Skådalshuset (1860)
- bakkemur mot veg på museumsområdet
- 2 stykk bakkemur ved arbeidarbustaden (1860)
- bakkemur ved lærarbustad (1865)
- bakkemur ved lærarbustad (1865) ved hage og leikeplass



Her arbeidar murar med bakkemuren ved arbeidarbustad 1860.

Foto: Norsk Trikotasjemuseum

Innvendig restaurering av 1860 bustad

I mai og juni 2013 arbeidde NIKU med å utføre ei bygningshistorisk analyse av arbeidarbustaden frå 1860. Vi har fått ein omfattande oppdragsrapport som er viktig og bidreg i arbeidet med å tilbakeføre leilegheitene til ulike tidsperiodar. Vi har fått god innsikt og forståing i korleis ein går fram med denne type arbeid og ikkje minst i korleis ein lagar ei fargetrapp. Rapporten er tilgjengeleg for Riksantikvaren om dykk skulle ynskje å sjå den.




Dette prosjektet var stort og omfattande og vi sette ned ei prosjektgruppe av tilsette på museet for å planlegge og gjennomføre istandsettinga. I denne inngjeikk både handverkarar, konservatorar og avdelingsleiar ved Norsk Trikotasjemuseum. Desse jobba tett saman med NIKU då dei utførte sitt

oppdrag. Det var naudsynt å både rive og bistå med å avdekke materiale på tak, golv og vegg for at NIKU kunne kome til for å avdekke bygningshistoria til huset. I denne prosessen var det nødvendig å gi informasjon om bygget, både med foto, teikningar og anna relevant informasjon.

Prosjektgruppa har utført store deler av istrandsettinga av leilegheitene basert på NIKU sine funn. Vi har følgt deira råd om kva tidsperiodar huset bør førast tilbake til, sjølvsgart i samband med den informasjonen og kunnskapen vi har på museet og historia til bygningen. Vårt prinsipp er å innreie mest moglig autentisk ut frå tilgjengelege kjelder. Vi har samla inn materiale og lest oss opp på kunnskap om tilhøva til tekstilarbeidarane og gjort djupdykk i intervjuaterialet frå Salhus Tricotagefabrik. Vi har også kontakta andre museer og fått informasjon om arbeid med å istrandsettings ein arbeidarbustad (desse studieturane er dekka av eige driftsbudsjett). Dette vil gi publikum ei unik forståing av korleis arbeidarane ved Salhus Tricotagefabrik levde. Men ikkje minst har vi nå fått satt i stand ein sentral bygning av anlegget.

Bygget sine kvaliteter er nå sterkt forbetra.


Vi innreier 4 leilegheiter som viser periodane omkring 1970, 1920, 1936 og 1963. Leilegheitene er nummerert frå nede i sør, mot nord og opp i andre etasje (sjå teikning).



Det vil følgje noko etter- og sluttarbeid i dette prosjektet som museet sine tilsette vil utføre våren 2014 av eigne ressursar.


Sikring av berande konstruksjonar i karderi /spinneri
1910 bygg

Byggmester Nævdal var innleidd for å utføre dette arbeidet. Han jobba tett saman med handverkar frå museet. Handverkaren frå museet var både rådgjevar, men han tok også del i sjølve arbeidet.



Problemet var at støttene som held bjelkane oppe var på veg ned. Det viste seg at ein kombinasjon av fukt, elde og tyngde har vore grunnlag for att veka av sjølve bygningen, med alt av maskinar i etasjane over, har vorte så kraftig att dei underliggende bjelkane var komprimert med fleire centimeter. Bjelkane var også kraftig angripne av fukt og råte. Mens vi arbeidde oppdagade vi at omfanget er større enn vi hadde trudd. På sikt må vi ta vekk fleire maskinar enn vi gjorde i denne

omgang og også skifte der dei står i dag. Vi har skifta ut der vi såg at det var størst behov og der vi kom til. Ved kvart punkt jekka vi opp bygget på kvar side av støtta. Mens vi skifta ut därleg materiale sikra vi med to skrustøtter. Vi måtte vere to menn på dette for å klare å jobbe med jekkane samstundes. Når vi hadde skifta ut det därlege materialet, sette me opp ei ny støtte med skråavstivare. Tidlegare var dette eit støttepunkt, men som i fabrikken si tid (då det var drift og ein gong før 1989) har blitt fjerna for å lette tilgangen i lokalet. Nå er bygget sikra og museet sine handverkar har fått god kunnskap og innsikt til å kunne fortsetta dette arbeidet om det skulle vera naudsynt.






Sikring av berande konstruksjonar i Rulleboden

Den såkalla «rulleboden» er eit større uthus ($6,5 \times 12,5$ m) frå 1865. Bygget er i bindingsverk med mura kjeller. I vestre del av bygget er bindingsverket utmura, noko som er uvanleg på Vestlandet. Bygningen ligg i samband med den tidlegare direktørbygningen Kveldheim. Rulleboden har vore i därleg stand lenge. Då Bergen kommune eigde bygget (Kveldheim og rulleboden) blei det ikkje utført naudsynt vedlikehald, og då museet overtok ansvaret var bygningen i svært därleg stand.

Då vi starta opp arbeidet og vi byrja å riva kledning, viste det seg at det venta oss eit stort og omfattande arbeid. Kledninga var svært därleg stand, det same gjaldt stendarar, svillar, bjelkar, alle vindauge og særleg taktekkinga viste seg å vere i svært därleg forfatning. For å kome i hamn med tildelte midlar måtte vi prioritera å skifte dei berande konstruksjonane og skifte og legge på ny taktekking. Vi har derfor skifta ut mykje treverk og lagt ny taktekking i bølgjeblikk. I arbeidet med å skifte dei berande konstruksjonane, måtte vi demontere det elektriske anlegget og brannanlegget for å kunne klare å skifte ut dei øydelagde konstruksjonane.

Det gjenstår framleis mykje arbeidd for at rulleboden kan karakteriserast med tilfredstillande tilstandsgrad. Arbeidet med å sikre rulleboden vart utført av Byggmester Nævdal med stor og viktig deltaking av eigne ressursar. Museet sine eigne handverkarar vil gjere noko sluttarbeid på bygget i 2014. Under ser de foto som er tatt mens arbeidet stod på. Alle foto: Norsk Trikotasjemuseum.



Oppgradering og rehabilitering av skorsteinar i eksterne bygg

Museet leide inn Murmeister Rognaldsen for å få utført oppgraderinga og rehabiliteringa av skorsteinane på anlegget sine bygg:

- Skådalshuset (arbeidarbustad 1860)
- Lærarbustad (1865)
- Arbeidarbustaden (1860)
- Skulehuset (1878)
- Bryggjarhuset (1860)
- Kveldheim

Det er svært vanskeleg
å kome til med lift til
desse bygga sidan
bygga er plassert i det
kuperte terrenget på
anlegget. Vi måtte
bygge mykje stillas slik
at murarane skulle
kome til. I
rehabiliteringa har vi
nytta både keramiske
røyr i ulike storleikar
og stålroyr i
skorsteinane.



Eldstadene blei også demonterte og kontrollerte mens vi utførte arbeidet. Tre av eldstadane var i så dårleg forfatning at dei ikkje ble godkjent for vidare bruk. Dei øvrige eldstadane var alle godkjent for bruk. Det er godt å vite at alle eldstadane/skorsteinane i dag er sikra, sidan dette betyr mykje for å forebygge brann. Dette er ikkje viktig bare med tanke på det enkelte bygget, men for heile anlegget knytt til Salhus Tricotagefabrik.



Restaurering av Kveldheim

Nytt mønebeslag er skifta på taket. Det gamle var vekke, så nå har vi fått montert nytt. Vi har vaska og skrapet/stålborsta og til slutt malt 2 strøk på fasadane på huset. Vi tok siste strøk med pensel for at sluttresultatet skulle vera mest mogeleg likt det opphavlege. Fleirtalet av vindauge blei tatt ut av ramtreeet og blei skrapa, kittaa og måla på nytt. Vi bestilte 9 nye vindauge lik dei opphavlege frå vindaugssnekkar Per Bjørnar Fagernes. Dei nye er grunna, glas er skjert til, dei er kittaa og malt.

Vi har fjerna tre frå eigedommen sidan desse utgjorde ein stor trussel for bygning og vedlikehaldsarbeidet sidan desse sto svært tett inntil bygget og var svære tre.

Innvendig har vi skifta fleire gulv på grunn av tidlegare vannlekkasje. Vi har pussa/slipt og malt gulva.



Sluttføring av arbeidet med dampanlegg / fyrrømmet

Fyrrømmet består av fyrkjelle med teknisk utstyr, sprinklaranlegg, ventiler og lufttrykkanlegg.

Fyrrømmet var eit svært viktig rom med mange sentrale funksjonar då fabrikken var i drift. Det forsynte fabrikken med steam, varmt vatten og varme.

Fyrkjoleanlegget er nå blitt overhadt av firmaet Titlestad i samband med museet sine fagfolk. Han har utført service på anlegget som inneber reingjering av heile anlegget. I denne tilknyting skifta han foringar, pakningar og defekte deler.


Fabrikken har eit originalt sprinklaranlegg frå 1928. Det originale kompressoranlegget frå 1928 er framleis intakt. Vi har dokumentert kompressoranlegget med foto og nedteikningar. Dette har museet sine konservatorar bidrige med.

Alt teknisk utstyr og instrument er fotografert og overholt.

El-tavla for anlegget er også intakt og det er utprøvd av godkjent elektrikar.


Lufttrykkanlegget består av kompressor, trykktank og røyrsystem som går gjennom heile produksjonsanlegget. Trykkluft er viktig mellom anna for å kunne reingjøre maskinparken og fjerne støv fra maskinane. Museet har motteke to sokkestrikkemaskiner av Safa Samnanger AS. Dette er strikkemaskiner frå slutten av 1980-talet som er avhengige av trykkluft for å kunne startast opp.

Lufttrykkanlegget er nå intakt, og vi har brukt så mykje av det originale anlegget som det er forsvarleg å nytte. Kompressor er overholt av Atlas Copco v/Arve Frøyseth. Han hadde service på dette anlegget når fabrikken var i drift, og kunne fortelje mykje om anlegget og menneska som arbeidde på fabrikken. Nå har vi trykkluft til alle avdelingane, både til karderi, spoleri, strikkeloft og til syloft, slik det ein gong var.



I fyrrommet var det ein røyrleggarverkstad. Det var fabrikken sine eigne tilsette som utførte naudsynd arbeid på installasjonar og vedlikehald av røyrleidningane på fabrikken og arbeidarbustadene. Det finst handteikningar av installasjonane i nordre hamn. Røyrleggarverktøyet

er 60-70 år gammalt, og er i all hovedsak brukt av fabrikken sine eigne tilsette. Det er nå blitt smurt og reingjort av museet sine eigne fagfolk.



Søknad om tilskot til vedlikehald av Salhus Tricotagefabrik i 2014

Museumssenteret i Hordaland, avdeling Norsk Trikotasjemuseum søker med dette om kr 1 500 000 til 2 stillinger, samt til verktøy og utstyr, som skal sikre og ta del i vedlikehaldet av det nasjonale industriminnet Salhus Tricotagefabrik i 2014.

Dei siste åra har museet motteke ekstra restaureringsmidlar og vi har av den grunn hatt mulighet til å utføre og slutføre viktige restaureringstiltak (sjå eigen rapport). Midlane har bidratt til at anlegget nå er i betre stand enn på mange år. Vi ønskjer å halde fram med dette gode arbeidet. Framover ønskjer vi både å fokusere på det daglege vedlikehaldet, men også utføre større restaureringsprosjekt som vi veit må gjerast framover. For å kunne utføre dette vil vi ha behov for eit større mannskap enn det vi har i dag.

Museet ønskjer å kunne tilsette ytterlegare to fagtilsette innan bygg og anlegg: 1) ei fast stilling som maskinmekanikar og 2) ei fast stilling som bygningshandverkar.

Jamfør også søknaden om tilskot til sikring og restaurering av SalhusTricotagefabrik for å sjå oversikten over dei store og naudsynte oppgåvene og tiltaka som må gjerast på industriminnet i 2014 og framover.

Salhus Tricotagefabrik (1859-1989) - omtale av verneobjektet

Salhus Tricotagefabrik (1859-1989) var landets første fullmekaniserte trikotasjefabrikk og høyrer til den første industrialiseringsbølgja i Noreg. Fabrikken er intakt med bygningar, maskinpark, delelager og arkiv. Arkivet er deponert til Bergen Byarkiv. Anlegget er på til saman 31 bygg og har eit samla golvareal på omlag 10.000 m². I tillegg til alle fabrikkbygga har museet tre arbeidarbustader, disponentvilla, skulehus, samt diverse uthus og boder, uteareal med grøntanlegg, mura elveløp, vegar, stiar, bakkemurar og sjøfront.

Museet si maskinsamling er den største i Noreg innan trikotasjeindustrien. Vi tar vare på maskiner til ulike prosesser i produksjonen av strikkede tekstiler, fra ullmottak, vasking, farging, karding, spinning, spoling og strikking, til tilskjæring, sying, kvalitetskontroll, pakking og emballeringtore. Store delar av maskinparken er frå tida kring sist hundreårsskifte, men produksjonslinja inneholder representative maskiner frå heile epoken anlegget var i drift. Samlingen rommer omrent 150 strikkemaskiner, 200 symaskiner og 50 maskiner til andre prosesser i garn- og tekstilproduksjon. Rundt 160 av disse er utstilt i produksjonslokalene. Disse kommer hovedsakelig fra fabrikken i Salhus, men også fra andre tekstilfabrikkar i Bergensregionen og andre deler av landet. I tillegg kjem spesialverkty og eit svært omfattande delelager til maskinene.

Norsk Trikotasjemuseum har som tidlegare nemnt motteke midlar frå Norsk Kulturråd for å leie det nasjonale prosjektet kalla *Forvaltning av tekniske industrielle samlingar*. Prosjektet har invitert til diskusjon av felles problemstillingar knytt til registrering, klassifikasjon og verdivurdering av teknisk-industrielle samlingar innan Nettverk for arbeidarkultur og arbeidslivshistorie, Nettverk for industrihistorie og Nettverk for dei nasjonale industriminna. Prosjektet har synleggjort store

utfordringar innan samlingsforvalting på museer med teknisk industrielle samlingar, og det har synleggjort ulike utfordringar knytt til vedlikehald og reperasjon av maskinparken.

Maskinparken og maskiner i drift

På Norsk Trikotasjemuseum diskuterer vi jamleg vedlikehaldsrutinar. Sjølv om vi ikkje har ein stor produksjon ved museet, har vi som overordna mål å halde i drift heile produksjonslinja frå ull til ferdig strikka produkt. Dette i seg sjølv er eit utfordrande mål som det ikkje vil bli enklare å nå ettersom avstanden til produksjonsslutt ved Salhus Tricotagefabrik aukar, maskinene står stille og kunnskapen om desse vert vanskelegare å få tak i.

Maskiner i drift

Vi demonstrerer eit fast utval maskiner for publikum under omvisingar på i fabrikken, samtidig som mange maskiner står stille eller er magasinerte, anten pga. manglande delar, kunnskap, arbeidskapasitet, stillstand, osb. I motsetnad til mange kulturhistoriske museumsgjenstandar, mistar maskinene mykje av verdien når dei står i ro over lengre tid. På fabrikkar i drift er det viktig å køyre maskinene regelmessig for å halde dei i køyrbar stand. Dette er likevel ikkje heilt eintydig – maskiner kan òg ha høg verdi sjølv om ein ikkje kan køyre dei: som ein del av fabrikkmiljøet ved industriminnet eller grunna spesielle spesifikasjonar som skil dei frå andre maskiner i samlinga.

Stillingar til vedlikehald av anlegget og maskinparken

I dag har museet to faste stillingar som er knytt til restaurering og vedlikehald av bygningsmassen. I den eine av desse to stillingane liggjer også ansvaret for drift og sikring av anlegget. Vi har og ei fast stilling knytt til restaurering og vedlikehald av maskinar og tekniske system. Forutan desse leiger vi inn og tilset ekstra personale når det er behov og økonomi til det, både innan vedlikehald og til maskinparken. Dei som har ansvaret for restaurering og vedlikehald av maskiner og tekniske system, tek også del i arbeidet med vedlikehald og restaurering av bygningane. Desse stillingane er eit absolutt minimum for å kunne halda ved like sjølve produksjonsanlegget og den utvendige delen av bygningane med uteområda.

Ei stilling som maskinteknikar

Då Riksantikvaren vurderte Salhus Tricotagefabrik som eit særskilt industriminne, var den nesten komplette maskinpark eit svært viktig argument for å peike ut fabrikken som eit nasjonalt industriminne. Som sagt har vi ein fast fagperson på maskinane som dekker *heile* produksjonslinja. Dette er ei stor og krevjande oppgåve som krev endå fleire tilsette med teknisk kompetanse.

I 2013 tok museet inn fleire maskinar i samlinga etter ein av dei siste tekstilfabrikkane som er igjen i landet. Maskinane har vi satt i stand, og framover ønskjer vi å sette i stand endå fleire maskinar. Når dette er gjort følgjer eit krevjande vedlikehaldsarbeid som må gjennomførast. Vi ser at det viktigast vi kan gjere for å ta vare på maskinane er å køyre og drifta dei. Dette krev både kunnskap og tid. Behov for å sikra ein utsett kompetanse gjer det også naudsynt å auke antal personar som kan jobbe med maskinar. Fabrikkanlegget inneheld fleire hundre maskiner og mange tekniske system, og vi ser at vi må sikre kunnskapen som er knytt til bruk og vedlikehald av maskinene, mens det framleis er eldre og til dels pensjonerte fagfolk tilgjengeleg.

Eit av måla for museet er å sette i stand kardeverket, noko som krev spesialkunnskap. Museet har i dag ei fast stilling som maskinreparatør som i hovudsak driftar strikkemaskinene og symaskinene i

tillegg til å bidra i vedlikehaldsarbeidet på bygg og anlegg. Vi treng ei ekstra fast stilling som maskinmekanikar som mellom anna kan drive vaskeri, fargeri, kardeverk og ringspinnemaskin. Denne personen vil kunne arbeide tett med den andre maskinteknikaren.

Me ønskjer difor å tilsetja ytterlegare ein maskinmekanikar som skal bistå i å sette i stand, innhente kunnskap og køyre maskinane for at vi best mulig kan bevare og forvalte maskinparken.

Ei stilling som bygningshandverkar

I dag er fabrikkbygget frå 1910 og delar av fabrikkbygga frå 1927 og 1953 tilgjengelege for publikum. For å kunne gjennomføra innvendig restaurering og vedlikehald av arbeidarbustader, skule, fleire fabrikkbygg må det tilsetjast ytterlegare ein bygningshandverkar. Som nemnt vil det bli behov for å gjere større restaureringsarbeide på anlegget, eit arbeid som vil krevje meir enn dei ressursane vi har i dag. For å ta vare på og utføre antikvarisk restaureringsarbeide ser vi det naudsynt med ekstra personale, og søker med dette om faste midlar til ein ekstra bygningshandverkar.

Museumssenteret i Hordaland har ei stilling som arkitekt, som Norsk Trikotasjemuseum hentar faglege råd hos og som vi ser er naudsynt innan mange ulike antikvariske prosjekt.

Søknad om tilskot til 2 nye stillingar innan bygg og anlegg

På bakrunn av følgjande søker vi om midlar til:

Bygningshandverkar inkludert sosiale avgifter: kr 550.000

Maskinteknikar inkludert sosiale avgifter: kr 550.000

Verktøy og utstyr: kr 400 000

Samla kostnad: 1 500 000

Midlane frå Riksantikvaren er svært naudsynte for at vi kan gjere kvalitetssikra arbeid på det nasjonale industriminnet Salhus Tricotagefabrik. Vi ser fram til å høyre frå dykk som svar på vår søknad.

Søknad om tilskot til sikring og vedlikehald av Salhus Tricotagefabrik i 2014

Museumssenteret i Hordaland, avdeling Norsk Trikotasjemuseum, takkar for tilskotsmidlar for i fjar. Me søker med dette om midlar til å kunne utføre ordinær drift og vedlikehald av Salhus Tricotagefabrik i 2014 .

Vi søker også om midlar til ulike restaureringstiltak pålydande kr 1 950 000,-.

Salhus Tricotagefabrik (1859-1989) - omtale av verneobjektet

Salhus Tricotagefabrik (1859-1989) var landets første fullmekaniserte trikotasjefabrikk og hører til den første industrialiseringsbølgja i Noreg. Fabrikken er intakt med bygningar, maskinpark, delelager og arkiv. Arkivet er deponert til Bergen Byarkiv. Anlegget er på til saman 31 bygg og har eit samla golvareal på omlag 10.000 m². I tillegg til alle fabrikkbyggja har museet tre arbeidarbustader, disponentvilla, skulehus, samt diverse uthus og boder, uteareal med grøntanlegg, mura elveløp, vegar, stiar, bakkemurar og sjøfront.

Museet si maskinsamling er den største i Noreg innan trikotasjeindustrien. Vi tar vare på maskiner til ulike prosesser i produksjonen av strikka tekstiler, frå ullmottak, vasking, farging, karding, spinning, spoling og strikking, til tilskjæring, sying, kvalitetskontroll, pakking og emballering. Store delar av maskinparken er frå tida kring sist hundreårsskifte, men produksjonslinja inneheld representative maskiner frå heile epoken anlegget var i drift. Samlinga rommar omrent 150 strikkemaskinar, 200 symaskinar og 50 maskinar til andre prosesser i garn- og tekstilproduksjonen. Rundt 160 av desse er utstilt i produksjonslokala. Desse kommer hovudsakleg frå fabrikken i Salhus, men også frå andre tekstilfabrikkar i Bergensregionen og andre deler av landet. I tillegg kjem spesialverkty og eit svært omfattande delelager til maskinene.

Norsk Trikotasjemuseum har som tidlegare nemnt motteke midlar frå Norsk Kulturråd for å leie det nasjonale prosjektet kalla *Forvaltning av tekniske industrielle samlingar*. Prosjektet har invitert til diskusjon av felles problemstillingar knytt til registrering, klassifikasjon og verdivurdering av teknisk-industrielle samlingar innan Nettverk for arbeidarkultur og arbeidslivshistorie, Nettverk for industrihistorie og Nettverk for dei nasjonale industriminna. Prosjektet har synleggjort store utfordringar innan samlingsforvalting på museer med teknisk industrielle samlingar, og det har synleggjort ulike utfordringar knytt til vedlikehald og reperasjon av maskinparken.

Arbeidet i 2013

I det følgjande vil det først bli rapportert for det ordinære vedlikehaldet i 2013, så vil vi gjere greie for dei ekstra tiltaka vi gjerne vil gjere i 2014 om vi skulle få midlar til det.

På grunn av dei ekstra midlane til restaurering av Salhus Tricotagefabrik i perioden frå 2011 til 2013 har Norsk Trikotasjemuseum fått gjort svært mykje ekstra utover det tradisjonelle vedlikehaldet i denne perioden. Her følgjer informasjon om arbeidet i 2013- som ikkje fell inn under dei ekstra restaureringsoppgåvene.

Vedlikehalds- og driftsarbeid i 2013- ordinært vedlikehald

På grunn av dei ekstra midlane til restaureringsarbeid har vi også i 2013 hatt ein usedvanleg stor aktivitet på museet. Det har vore svært travle år for arbeidsleiar, driftsleiar, handverkarar og maskinteknikkarar som har arbeidd med restaureringstiltaka, både som arbeidsleiarar og handverkarar. Dette har dei gjort saman med innleidde eksterne fagfok frå ulike firma. Slik har museet hatt ein god oversikt og kontroll over arbeidet til eksterne handverkarar samstundes som museet har tileigna seg nyttig kunnskap ved å vere tett involvert i alle prosjekta. Vi har også fokusert på og fått utført viktig og naudsynt vedlikehaldsarbeid, og til å gjere dette har vi leidd inn ekstra personale. Vi har av den grunn til tider hatt ein usedvanleg stor stab innan byggavdelinga ved museet.

Milaelva under 1900 bygningen

Milaelva går i eitt mura elveløp under 1900- bygget til fabrikken. Her hadde vi flaum i 2008 som kosta museet mykje tid og midlar. 15. november 2013 kom det ekstreme nedbørsmengder og vi var nære ved å oppleve ein ny flaum. Dei tilsette ved museet la ut sandsekker og opna luker i golv for å begrensa omfanget ved ein eventuell flaum. Dei tilsette gjekk vakt, men heldigvis ingen flaum denne dagen.

Likevel, nedbøren satta sine spor. Vatnet i elva tok med seg store steinar som nå ligger under 1900-bygningen. Vi fekk takst frå Namnsfogden 7. januar 2014, og dei har vedteke ein skadetakst slik at vi nå kan ta vekk alle steinane og slik sikre anlegget om tilsvarande nedbørsmengde skulle komme igjen.

Vi kan og legge til at NVE har laga ein rapport for sikring av Milaelva. NVE skal sikre området i løpet av 2014/2015. Om Riksantikvaren ikkje har rapporten, kan vi sende den til Dykk.

Utvendig arbeid på bygningsmassen

Langsida og gavlveggen på 1900-bygget er malt med to strøk. Vindauga med sprosser og listverk med hjørnekjøler er også malt med to strøk. Vi har skifta takrenner og skifta ut plastikken med aluminium. På «Garnlageret», som er eitt tilbygg i front av bygget 1900/1910, har vi skifta botnsvill i front mot sjøen og noko kledning grunna mykje råte.

Vidare har vi teke ut fleire vindague frå skulehus og 1860- bustaden. Vi har skifta treverke kor det det var naudsynt og vindauga er skrapa, kitta og måla på nytt. Her vil vi nytta høve til å nemna att nokre av handverkarane har vore på kurs i restaurering av vindauga i regi av MAF.

Når det gjeld bassenget utandørs, det gamle fabrikkbassenget, har vi lagt ny terrasse og kjøpt inn utedømblar som er overflatebehandla. Salhus Vel deltok i dette arbeidet. Nå kan befolkninga i Salhus bruke bassenget på fine sommardagar slik som arbeidarane kunne då fabrikken var i drift.

Alle kaier på fleire hundre kvadratmeter har blitt vaska og olja med 2 strøk. Dei gamle benkene frå Bergen kommune er vaska, skrapet og malt opptil fleire gonger.

Det er gjort mykje på uteområdet rundt arbeidarbustadane. Busker, hekkar og trær er stelt og beskjært. Alt av grøntareal er slått og stelt, i tillegg har vi planert ut og sådd i nokre nye områder. Vi har fjerna alt av eføy som vaks ut frå natursteinmurar for å hindra at eføyen skal gjere skade på murane. Uteområdet bak 1860-bustaden og brattebakken opp mot Telleviksvegen er også blitt grusa.

Utanfor smie og mekanisk verkstad finst ein eldre trappekonstruksjon som i lengre tid har vore därleg. Her har vi gjort eit stort arbeid og skifta vekk dei rusta h-bjelkane av stål og store deler av trevirket. I dette arbeidet måtte vi ta hol i teglstein/betonkonstruksjonar.

Glas me skaffa oss i 2012 i tilknyting restaureringa av bygg 1900, frå veksthuset på Austlandet, har blitt reingjorde og er nå nytta i restaureringa av museet sine vindauge. Dette gjeld alle bygningane som museet disponerer.

Innvendig arbeid i fabrikken og i arbeidarbustadene

Elles arbeidar vi med å restaurera dei gamle lysarmaturane i fabrikken. Vi tok ned endå fleire i 2013 og har reingjort alt av el- ledningar. All pcb-haldig innhald er skifta ut, dette er eit arbeidd som er viktig både med tanke på økonomi og ikkje med tanke på å forebygge brann.

Delar av sprinkelanlegg i er grundig vaska og målt med 2 strøk. Dette er eitt omfattande arbeid sidan ein full maskinpark er i dei same romma. Vi anser dette som eit naudsynt arbeidd sidan anlegget til museet er eitt av dei eldste som finst og som fortsatt er i bruk i landet.

Vi har følgt alle serviceavtalar med eksterne fagfolk/firma når det gjelder branntilsyn, sikring og teknisk installasjonar. Dette er svært viktig med tanke at vi framleis nyttar oss av det originale anlegget.

Maskinparken

Fleire maskinar har blitt satt i stand og reparert. Etter at varmepumpene har vore i bruk i snart 1 år, ser vi klart og tydeleg at dette har positiv påverknad på maskinane. Nå har vi jamn temperatur heile døgnet og heile året, og sjølv om det er kaldt i vintermånadane kan vi starte maskinane for vedlikehald eller for demonstrasjon til publikum. Dette har ein store førebyggande effekt for å forhindre nedbryting av maskinane. Ein positiv ringverknad er at tilsette i kalde vintermånadar har fått betre arbeidssituasjon. Varmen er sjølv sagt også til gode for vårt publikum.

Sommaren 2013 la Safa Samnanger AS ned sin produksjon av sokkar og vi tok inn to sokkestrikkemaskiner frå slutten av 1980-talet i samlinga til museet. Nå kan vi demonstrere og

formidle til publikum korleis ein produserer på moderne maskinar, noko som utvider vårt fagfelt, som er både å dokumentere, forske på, samle inn og formilde norsk tekstilindustrihistorie.

15.november var museet verstskap for NRK sin Nasjonal strikkekveld som blei sendt direkte frå museet og som blei kringkasta også utanfor Noreg. Vi var også med på Norge Rundt same dag. I forkant av programmet blei spolemaskinen, ringspinnemaskinen og fleire av strikkemaskinene overhalt og justert, og dei var eit viktig og flott blikkfang under sendinga. Vi synes at det er stor stas at NRK viser interesse for eit av dei nasjonale industriminna. Dei var svært begeistra!

I tilknyting til tidlegare nemnte samlingsforvaltingsprosjekt *Forvaltning av tekniske industrielle samlingar* har vi fått betre oversyn maskinparken. Vi har oppdatert maskinlister og funnet fram og fått oversyn over alle manualane til maskinane. Dette har stor verdi for dei som arbeidar med maskinane i dag og dei som skal arbeide med dei i framtida. Vår maskinteknikar er tett involvert i prosjektet.

Vi arbeider også med å få på plass betre vedlikehaldsrutinar for maskinparken. Men vi ser at museet treng å styrke sin bemanning på drift av maskinene for at dette skal kome opp på eit høgare nivå. Jamfør innsendt dokument kor vi søker om midlar til 2 nye stillingar ved museet, den eine ein maskinteknikar.

Søknad om ekstra tiltak i 2014

Museumssenteret i Hordaland søker Riksantikvaren om tilskot til følgjande restaureringstiltak av Salhus Tricotagefabrik også komande år. Følgjande restaureringstiltak står att ved Salhus Tricotagefabrik (ikkje prioritert rekjkjefølgje):

- **Innvendes restaurering av mekanisk verkstad frå 1918**

Heile rommet må tømmas sidan det er råte i tregulv som ligg på lekter på betonggolv. Sette i stand hyller og arbeidsbenker og få på plass igjen maskinar og utstyr. Oppgradering av det elektriske. Sum: om lag kr 150 000,-

- **Fleire bakkemurar på uteområdet**

Vi har bygd opp fleire bakkemurar i 2011, 2012 og 2013, men ser at det er behov for å halde fram dette arbeidet. Det er mange bakkemurar igjen på området som prosjektmidlane ikkje rakk til. Vi vil halde fram å nytte tørrmurar Håkon Aase til å gjere dette arbeidet. Me anslår summen til minst kr 500 000,-.

- **Omlegging av taket på uthuset ved Skådalshuset pga. dårlig teglstein**

Ca kr 100 000 til materiale og arbeid.

- **Restaurering av trekaijer**

Berande konstruksjon må skiftast ut. Dette gjeld særleg kaiane utanfor vaskeriet og utanfor 1900/1932-bygget. Vi må mellom anna pæle ned nye støtter. Me anslår at dette vil koste ca kr 400 000,-.

- Istandsetting av karderverket frå 1910

Attst  ande arbeid er p   siste delen av maskinen kor forgarnet kommer ut. Maskinen er i orden heilt fram til denne sluttelsen av prosessen. Slik forgarnet kommer ut i dag kan det ikkje nyttast vidare i ringspinnemaskinen. Kvaliteten er ikkje god nok. Vi er i dialog med Hillesv  g ullvarefabrikk og Sj  lingstad ullvarefabrikk om    bist   oss i dette arbeidet. Sum om lag kr 80 000,-.

- Istandsetting av selfaktoren

Denne skal settast saman inne i 1900-bygge, noko me kan gjere nå sidan bygget er ferdigrestaurert. Før vi kan sette denne opp må vi skrape og male taket grunna ein gamal lekkasje i taket. I dag er maskinen demontert og skal altså monterast igjen. Det gjenstår mykje arbeid med reingjering og pussing, samt den skal smørast og koblast opp til motoren. Vi er i dialog med maskiningeniør Sigurd Øvestad om å gjere denne jobben for oss saman med maskinteknikar. Sum om lag kr 150 000,-.

- Overhaling og istandsetting av strikkemaskinar og symaskinar og overhaling av maskinene i fargeri, vaskeri og apretur.

Dette vil me gjøre i samråd med tidlegare tilsette ved Salhus Tricotagefabrik og sammen med fargerimeste på Janus. Sum om lag kr 400 000,-.

- **Varme i 1900- bygget:** bygget har ikkje tilstrekkelig oppvarming. 4 små varmepumper kan forsyne ullaloft med tilstrekkelig varme. Firmaet FJ Klima AS Trondheim har gitt oss ein pris på desse og det er omkring kr 170 000,-

SUM ekstra tiltak: kr 1 950 000,-

Andre og gjenståande restaureringstiltak:

- Restaurering av **brukskulen** frå 1878.
 - Restaurering av vindauge som i dag berre har 2/3 av original høgd.
 - Interiørmessig tilbakeføring til skulestove av vestre del.
 - Ingeriørmessig tilbakeføring av austre del.
 - Fjerning av taksenking (ca 60 cm) i austre del (lærarbustad for bruksskulen).
 - Erstatte noverande skifer med teglstein på taket som er originalt.
 - Restaurering av **lærarbustaden** (omgangsskulelæraren) frå 1864.
 - Omlegging frå betongstein til teglstein og utskifting av vindauge.
 - Innvendes restaureringa av inngongsparti og skulestova der det var omgangsskule.
 - Innvendes restaurering av **Skådalshuset** frå 1860.
 - Innvendes restaurering av resterande delar av **Kveldheim** (1865).
 - Bygningshistorisk analyse av Kveldheim (1865). Det er ynskjeleg å restaurere dei tre salongane i 1. etasje mot vest. Det kan også vere aktuelt å tilbakeføre den originale trappehallen med

salen i 2. etasje der det var synleg bjelketak. Til dei bygningshistoriske analysane vil det vere naudsynt med bistand frå kvalifiserte fagmiljø. Bygga inneheld mange lag med eldre tapet og maling.


Sikring og drift:

